

---

Saknr: 2020/79490-1  
Saksbehandlar Sturla Binder  
Dato: 18.12.2020

---

---

**Til:** Utval for kultur, idrett og integrering

---

**Frå:** Fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering

---

## Bevaringsplan for privatarkiv i Vestland

Avdeling for kultur, idrett og inkludering, seksjon arkiv har fått kr. 310 000 frå Arkivverkets utviklingsmidlar til prosjektet "Bevaringsplan for privatarkiv i Vestland".

Seksjon arkiv i Vestland fylke skal vere koordinerande ledd for privatarkivarbeidet i regionen. Denne rolla vil mellom anna innebere at vi skal arbeide for at dei einiskilde aktørane på privatarkivområdet samordnar si verksemd når det gjeld innsamling av privatarkiv. Seksjon arkiv skal samtidig vere ein oppbevaringsinstitusjon for privatarkiv i Vestland fylke.

Seksjon arkiv vil utarbeide ein plan for bevaring og innsamling av privatarkiv i Vestland fylke. Hovudføremålet med planen er å sikre ein heilskapleg samfunnsdokumentasjon.

Ut i frå denne målsettinga vil prosjektet bli inndelt i tre hovudområde:

- a) Bestandsanalyse,
- b) Samfunnsanalyse og
- c) Samanstill og analysere resultatane frå bestandsanalysen og samfunnsanalysen og utarbeide ein bevaringsplan som peiker på kva private samfunnsområde som bør dokumenterast for ettertida. Dette arbeidet fekk støtte og starta opp i 2020. Midlane for 2021 er til del 2 av prosjektet.

### Vedlegg

- 1 Bevaringsplan for privatarkiv i Vestland - Søknad